



Statens vegvesen

Notat

Til: Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fra: Vegavdeling Sogn og Fjordane
Kopi:

Saksbehandler/innvalgsnr:
Dina Lefdal +47 57655706
Vår dato: 11.11.2015
Vår referanse:

Brann i fv. 616 Skatestraumstunnelen - revidert kostnadsoverslag

Vi syner til vårt statusnotat om brannen i Skatestraumstunnelen og omfang av skader og reparasjonar etter denne datert 7. august 2015. No har dette arbeidet pågått ei stund, og vi har oppdatert kostnadsoverslaget, jf. tabell under:

Arbeidsoperasjon:	Stipulert kostnad meldt fk 7.8.15	Stipulert kostnad 10.11.15	Endring	Tiltak som følgje av brannen	Oppgradering i hht sikkerhetsforskrift	Auka kostnader pga styrt trafikkavvikling
Vask/reinsk/sikring	17	33	16	32	1	4
Elektro	7	7	0	5	1	
Ferje/Båt (vi har ikkje med teke kostnad for dette her)						
Trafikkavvikling	0	5	5	5		5
Byggherre (går av sams pga drift)	2		-2			
Uvisse	5	2	-3	2	1	
Sum eks. mva:	31	46	15	43	3	9
Sum inkl. mva	38	57	19	54	3	11

Det første overslaget var gjort på eit tidleg stadium før vi hadde fullstendig oversikt over alle skadane i tunnelen. Prognosen for kostnad med naudsynte reparasjonstiltak som følgje av brannen, samt oppgradering i samsvar med tunneltryggingsforskrifta, har auka frå 38 mill. kr til 57 mill. kr. Dette skuldast hovudsakleg følgjande:

- Første tida etter brannen, dvs. i perioden 20. juli – 6. september, gjekk det ferje mellom Smørhamn og Kjelkenes. Entreprenøren kunne då arbeide uhindra i tunnelen.
- Etter 6. september har det vore kolonnekøyring (styrt trafikkavvikling) gjennom tunnelen. Det er trafikkvakter og følgjebil til stades kvar dag frå kl. 06.00 – 22.00. Kostnad med dette var ikkje med i opphavleg kostnadsoverslag. I prognosen for kostnad med styrt trafikkavvikling har vi lagt til grunn at dette skal vare fram til 20. desember. Styrt trafikkavvikling kostar 40 000 kr pr. dag + mva.
- Entreprenøren har kravd auka pris på montering av vass- og frostsikring grunna heft ved nedrigging og opprigging av borerigg for kvar kolonne som skal passere. Det har også vore noko nattarbeid. Prisane på dette er elles i tråd med marknaden.

- Tilstanden til drens-systemet og skadeomfanget/kostnadene for dette var ukjent i starten, og det synta seg at skadane var meir omfattande enn vi la til grunn. 600 meter av hovuddrensleidninga var totalskada. I reparasjonsarbeidet måtte vi ta omsyn til at andre kablar og røyr i grøfta ikkje skulle skadas. Dette arbeidet medførte vidare meir behov for reparasjon av bankettar og vegdekke.
- Kostnaden med transport av avfall til mellomlager og deponi vert ein del høgare enn først rekna med. Dette skuldast at vi ikkje får løyve til å lagre gamal sprøytebetong mm i permanent lager i nærområdet til tunnelen. Vi arbeider framleis med løysing på dette.
- Vi hadde diverre ikkje med riggekostnader i opphavleg overslag. Dette gjeld kostnader med brakker, toalett, transport av utstyr, rigg av utstyr, overnatting mm, og utgjer om lag 1 mill. kr.

Styrt trafikkavvikling gjennom tunnelen medan arbeidet pågår har spart utgifter til ferje, men auka kostnader til trafikkavvikling og heft i arbeidet. Ferjekostnaden er ikkje med i vårt kostnadsoverslag.

Elektroarbeidet pågår for fullt med trekking av kablar, montering av naudstasjonar, evakueringslys, kabelbru og lys. Vi har brukt marknadsprisar i prognosen for dette arbeidet. Her kan det vera noko uvisse.

I det første kostnadsoverslaget hadde vi med byggherrekostnader. Då arbeidet blir utført gjennom driftskontrakta, blir byggherrekostnadene dekkja av sams vegadministrasjon.

Vi får ikkje erstatta viftene i nordenden av tunnelen før om nokre månadar. Vi trudde vi kunne bruke tilsvarande vifter som låg lagra på eit anna anlegg i regionen, men det viste seg at desse berre ventilerer i ei retning, medan vi treng vifter som kan ventilere i begge retningar. Anbod for vifter i Skatestraumstunnelen og Høyangertunnelen vert lyst ut med det fyrste. Det er lang leveringstid på desse (fleire månadar). Vi vil difor gjennomføre ei risikovurdering for å sjå på moglegheitene for å sette trafikk på tunnelen utan full kapasitet på viftene. Det kan vere aktuelt med avbøtande tiltak som nedsett hastighet gjennom tunnelen. Vi har hatt møte med brannvesenet om dette og vil sende ein revidert melombels beredskapsplan til dei på høyring dersom denne løysinga vert aktuell. Vi reknar då med at vi kan sette trafikk på tunnelen i løpet av fyrste halvdel av desember.